

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Bente Bing Kleiva	FA - C20	15/328

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
08/2015	Utval for levekår	PS	17.02.2015

Friluftslivets år kommune

Vedlegg:

Sett friluftsliv på dagsorden og bli en friluftslivets år kommune bli også med på kåring av årets friluftslivskommune

Saksopplysningar:

Bakgrunn

2015 er utpeika til å vere Friluftslivets år med særleg fokus på nærmiljø, heilårs friluftsliv, fritidsfiske og kulturminne. Mottoet for friluftslivets år er: «No er det din tur» og visjonen er «Fleire ut – oftare». Hovudmålet for året er todelt:

1. å gje friluftsliv auka merksemd
2. å gje varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av innbyggjarane.

Barn, unge og barnefamiliar er viktige målgrupper.

Norsk Friluftsliv og Friluftsrådenes Landsforbund inviterar alle kommunane til å gjere vedtak om å vere ein «Friluftslivets År kommune».

Vurdering

Meland kommune har fine naturressursar for eit aktivt friluftsliv. I temaplan for Idrett, friluftsliv og folkehelse er friluftsliv og nærmiljø tiltak omtala i kapittel 6. Eit av tiltaka som er sett i verk og har fått god respons er: merking og gradering av turløyper. Dette arbeidet skal halde fram til 2019.

For å bli ein friluftslivet år kommune må følgjande punkt oppfyllast i løpet av året:

- *støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år.*
- *Vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen.* Dette er allereie i gang gjennom samarbeid mellom samfunnsplanleggjaren og kulturavdelinga
- *Stimulere barnehagane og skulane til å bruke naturen i leik og læring.* Kulturavdelinga skal ha eit møte med styrarane i barnehagane i februar og vil truleg ha eit tilsvarande møte med representantar frå skulane.
- *Satse på stien som aktivitetsanlegg*
- *Bruke friluftsliv som eit positivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen.* Det vert arbeidd med å etablere «gågrupper»
- *Arrangere Ordførarens tur, - ein open tur med ordføraren som turleiari.*

· Stille opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.

Fleire av punkta ovanfor er allereie under arbeid og det vil vere ein positiv stimulans å vere med på slike tiltak som er nemnd her. Dette er og svært gode tiltak for å auke aktiviteten og kan vere eit viktig bidrag til styrka folkehelse.

Dei frivillige laga har sine faste tiltak, men dei vil truleg vere posistive til å legge sine aktivitetar tett opp til desse aktivitetane.

Folkehelse : posisitvt for folkehelsa

Miljø: ved god tilrettelegging av aktivitetane vil dette tiltaket ikkje vere negativt for miljøet

Økonomi: Ikkje vurdert

Konklusjon:

Meland kommune ønskjer å delta i Friluftslivets år.

Framlegg til vedtak:

Meland kommune vil støtte opp om Friluftslivets År 2015 og arbeide for måla om å gje friluftsliv auka merksemdu og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga. Kommunen vil: - støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år. – vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen. – stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruke naturen i leik og læring. – statse på stien som aktivitetsanlegg. – bruke friluftsliv som eit postivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen. – arrangere ordførarens tur; - ein open tur med ordføraren som turleiar. – stille opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen.

Utval for levekår - 08/2015

ULK - behandling:

ULK - vedtak:

Meland kommune vil støtte opp om Friluftslivets År 2015 og arbeide for måla om å gje friluftsliv auka merksemdu og varige resultat i form av auka deltaking i friluftsliv i alle delar av befolkninga. Kommunen vil: - støtte opp om lokale arrangement og aktivitetar i Friluftslivets år. – vektlegge omsyn til friluftsliv i planarbeidet til kommunen. – stimulera kommunen sine barnehagar og skular til å bruke naturen i leik og læring. – statse på stien som aktivitetsanlegg. – bruke friluftsliv som eit postivt verkemiddel i folkehelsearbeidet i kommunen. – arrangere ordførarens tur; - ein open tur med ordføraren som turleiar. – stille opp til bålsamtale eller anna møte med friluftsorganisasjonane i kommunen

